Vi diskuterte så litt program til neste lagsmøte. Leif Mork har blitt spurt om å koma bort og underhalda, han har ikkje gitt noko svar enno. Vi diskuterte å spørja ein trylle kunstnar, Bjørdal, som tidlegare har gjesta oss på lagsmøte.
Når det gjeld brevet vi fekk ei tid sidan sende dei husstyret i Gimle, har det kome svar frå dei, der det står at dei kan sløyfa kravet om lagskort mot at vi set vakt i garderobene og i bakgangen.
Vi vedtok å setja for vakthald i bakgangen og ved inngangsdøra, men kravet om garderobevakt, vil vi ikkje gå med på.
Det vart bestemt at vi på neste lagsmøte skal ha kaffi og mat. Sidan

det blir det siste møtet i denne
sesongen.
Til slutt drøfta vi om Sunnhordlandingen skal sende
ut sendingar til V.U. si Stemna i Sunnfjord
til Sumarleiken. Her vart det først
nedteke at laget bør sende ut sending
Så diskuterte vi i kor stor utstrekn
laget skal dekke reisutgiftene,
og kor mange som skal sendast.
Sidi vi ikkje visste kva
dei andre laga plar gjera,
vedtok vi å søkja nærare
og få opplysningar før vi vedtek
noko endeleg.

Styremøte bak scenen i Gimle 19. mai.

Styremedlemene vart kalla saman til
eit kort møte for å avgjera spørsm
om utsendingar til V.U.'s landsstemna
i sommar. Vi bestemte at laget
skal sende 2 utsendingar og
at berre reisutgiftene skal
dekkast av laget. Hus og kost
skal utsendingane sjølve betala.

Som utsendingar vart valde
Edel Eus og Ragnar Spissøy.
Varamenn: Bodil Saghaug og Kjell Matre.

Styremøte i lagsrommet 1. sept. 64.

Ole Sæbø møtte ikkje. I Stadm møtte Rasmus Økland.
Vi legga dit fyste styremøte i sesongen med å drøfta arbeidsfordeling blant styremenene. Og gjekk gjennom lista som vart sett opp i vår. Følgjande vart avgjort: Formannen tek sig av lysingar. Vår dei gjeld utseljing av vaktlar til lagsmøta, må det veljast ein mann som skal syta for dette. Ein må ha minst 2 vaktar på kvart møte, ein ved hovudinngangen, ein ved bakgangen.
Vi valde Kjell Matre til å ta seg av denne oppgåva i haiststasongen, fram til jul.
Kjærfjord og Ytrenes skal kontaktast nye lagsfolk og ta seg av å gjera dei kjent med arbeidet i laget.
Så drøfta vi program for lags=

møta framover. Første møte skal vera 15. sept. Til denne kvelden har vi fått ein sekretær i FN som skal fortelja om FN og samtidig visa fjorbilete. Ellis har ein fått nokre gjester som skal syngja.
Formannen hadde deretter sett opp kvelda dei vil ynske forslag frå eg av program og møteleiing. Ynskekveld 27. okt. Strøkveld 10. nov. Skyttarlaget skaffar program til 24. nov. og julekaffinga 8. des.
Ellis vart styremenene gjort kjent med liggekontrakten for lagsrommet på Engen. Vi må også setja opp ein kontrakt til Gulen som ligg hjå oss.

Styremøte med hyttestyret, 23. sept. 1964.

Hovudstyret og hyttestyret vart innkalla til møte for å drøfta innkjøp av utstyr til „Sunnaba".
Ragnvar Spissøy, Kjell Marie og Ole Sebø møtte ikkje. Frå hyttestyre møtte Knut Skålnes.
Først diskuterte vi kjøp av divanar til hytta. Dei to som er der frå før er

gamle og ubrukelige. Formannen skal undersökja prisen på divanar og ellers om det kunngst mko meir utstyr til hytta.

Knut Skålnes nemnde ellers at ei høgspentlinje er lagd over Skykket og at Kvam Elektrisitetsverk ikkje har fått løyve til dette. Her kunne Ytrnes opplysa om at han vart spurd då linja skulle settjast og han gav dei lov til å byggja linja, då han på dei tidspunkt ikkje fekk tak i hyttestyret.

Vi vart vidare enige om å etterrökja om det er sett grøftekar på linja og om vi eventuelt kan krevja erstatning

Formannen las opp leigekontrakt mellom Gular og Sunnhordlandingen.

Dei Top Ten har no forlangt kr. 180.- for laugardagar og kr. 300.- for laurdagsdansar. (no kr. 150 og kr. 270) Vi vart enige om å setja opp ein kontrakt der vi lek med at dei då lyt spela kvar gang. Ellers diskuterte vi å undersökja om Spinkland trio möligens kan spela for oss.

Program til komande lagsmöte: Håsvi ar Valvratne. Til 13. okt.: Skode spelet: Laurdags kveld til Stöls", spela av Bnduungdomslag Utbutaw skal vi neste gong retja inn annonse om lagsmötet både laurdag og måndag.

Til slutt drøfta vi opp-pussing av lagsrommet og bok ut fargar.

Styremöte på lagsrommet 12/10-64.

Ole Sabö mötte ikkje fram.

Formannen las fyrst opp mottekne brev.

I kveld drøfta vi skrivarstova i Hordaland Ungdomslag. Formennine i bygdelaga hav hatt mötte med krins styret, og der vart di einige om at bygdelaga skal betala kr 2000.- til skrivarstova. Av denne sum, skal Bunnhordlendingen betala kr. 300.-

Ellis vart nemnt at flest mogelig av hovud styret bör möta på eit möte, skipa til av bygdelagsnemndi, der doi skal drøfta om ein skal skipa eige fylkeslag i Bergen.

Ellis skal spellaget ha eit program för jul, i staden for Stordkvelden som vi tidlegare har tenkt å

Styremöte 9-11-64.

Laget har fått bokpakke med nynorske böker som vi vart enige om å lodda ut på komande lagsmöte

Formannen las opp eit vändskriv frå bygdelagsnemnda i Bergen.

Der var mellom anna nemnt at ein har planar om å skipa fylkslag i Bergen. Hjalmar Tveit gav ei lita utgreiing om dette.

Elles tok vi ikveld opp problemet med liikarringen som i det siste har gått svært dårleg. Lite folk har mött opp sidan ringen starta i haust.

Vi må freista så godt vi kan å få fak i nye folk. Onsdag 18. nov. skal vi så ha leik neste gong. Hjalmar Tveit som no er leikleiar, nemnde at Kjell Matre burde bli leiar og få folk frå andre lag, sidan han vil så godt kjent i dei andre laga. Ragnvar Spissöy og Kjell Matre mötte ikkje i kveld.

Styremöte på lagsrommet 26. 11. 64.

Først drøfta me siste lagsmøte som
er det siste før jul. Så grunn av
at ein skal sende eit gram til ein
av kommunane i Sunnhordland skal ein
ha kr 5.- og kr 3.- for billettane neste
møte. Dette skal gå til ein trengjande
Sunnhordlandsfamilie til jul. Vi skal
ha mat og kaffi og rekna med ca
120 stk. Utdeling av skyttarkeris. Top Ten
kan ikkje spela, men skal skaffa eit
anna orkester.
Dessutan drøfta vi vaskinga av lagsrommet
Bestemte at Edel Enes, Bodil Sæthang og
Å Kjærfjord vaskar den 7. des.
Så drøfta me om me skal ha julestrevjen
med Nordhordlendingen
Når det gjeld skipeing av eige fylkeslag
skal dei bli gjeve orientering om dette
på første lagsmøte etter jul.
Gunvor Ytrenes og Askel Ytrenes møtte ikkje
fram.

Styremöte hjå St. Ytterås 1. febr. -65.

Styret kom saman for å drøfta rekneskap og årsmelding til årsmøte som skal vera i Gimle den 14. febr. kl. 18 30.

Først vart rekneskapet gjennomgått. Formannen kom i denne forbindelse inn på at ytingane som var sett opp i fjor på årsmøte, ikkje var komne med i rekneskapet, og kassaren kunne opplyse at desse var leitte gjævnt å leetta.

Som forslag til ytingar i år vart sett opp:

Partlaw „Sunnabu":	kr. 500,-
Inventar — " —	" 500,-
Gulow:	" 150,-
Sbl. Folkemuseum	" 100,-
Valen kapell:	" 50,-
Kyrkjenemnda	" 50,-
Saumanlaget	" 100,-
Nedbet. av hytta	" 500,-
Lagsfond	" 1000,-
I alt saman	" 2950,-

Formannen las opp brev frå Skype i H. H. der dei bad oss setja i gang skiping av eige fylkeslag i Bergen. Dei hevdar at dei har ikkje blitt kjent med saka før i dei siste.

Det vart samrøystes vedteke i styret å

1) Setja opp som saker på årsmøte:
Utsending frå Sunnhordlendingen for fullmakt til å røyste for at det vert skipa eige fylkeslag i Bergen.

2) Ei tomannsnemnd tek seg av å samla bilete av tidl. formenn og hengja opp på lagsrommet.

3) Drøfting av formål og disponering av lagsfondet.

Alle utan Ola Sabo møtte fram i kveld

Styremøte på lagsrommet 18/2-65.

Dette var det første styremøtet etter årsmøtet. Det gamle og det nye styret hadde derfor ei samkome med kaffi og lefser på lagsrommet, der så det gamle styret takka for seg og overlet rom til det nye.

Deretter gjekk det nye styret i gang med da

orden. Først var det val. Til ny nestformann vart vald Harald Vygård, skrivar Jan Øklend og hjelpekasserar Alfhild Siversen. Dei nye i styret vart så sette inn i sine arbeidsoppgåver.

Til program på neste lagsmøte skulle Åsane Ungdomslag syna fram eit spelestykke, og elles vart program-opplegget for lagsmøta utover våren drøfta.

Vaktordninga på lagsmøta hadde det vore så gruse med. Det vart derfor vedteke at laget skulle skilla 2 mann som vakter kvar gong. Eivind Tysnes vart vald til å ha på seg å skaffa vakter til lagsmøta.

Dessutan vart det vedteke at styret skal halda sine møte kvar 14. dag, d.v.s. på måndag føre lagsmøtet i Gimle.

Heile det nye styret møtte; og som varamann møtte Eivind Tysnes.

Styremøte på lagsrommet 1/3-65.

Først vart programmet for lagsmøta framover drøfta. Ved lagsmøte skulle Haug ungdomslag vitja oss med eit spelestykke; den 30 mars er det så Lærarskulen sin tur til å stå for programmet.

Elles var det kome førespurnad frå Sondalands ungdomslag om laget var interessert i å selja NU-merke. I styret var det liten stemning for dette, interesserte kan kjøpa merket ved å venda seg til HU ved skivaren der.

Deretter drøfta med oppussing av lagsrommet som heng maling no. Dette burde gjerast snarast. Formannen skulle snakka med Gular og dei andre som brukar lagsrommet om dette. Tidspunktet for maling av rommet skulle avgjerast seinare.

Alle møtte fram i kveld.

Styremøte på lagsrommet 15/3-65.

I kveld var det berre 4 som møtte; Edel Enes møtte ikkje, heller ingen vara menn.

Førespørsmålet om loddsal for Nynorsk pressebotteri i Sunnhordlendingen var det liten interesse å imøtekoma i styret. Elles las formannen opp eit skriv frå Bygdelagsnemnda der laga som er tilslutta Bygdelagsnemnda vart innkalla til møte fredag 19 mars; dette skrivet skulle og lesast opp på lagsmøtet i Gjemle slik at lagsfolk kunne bli orientert om møtet.

Dansetilstellinga 20/3 var så drøfta; og dess meir

telefonlista til Sunnhordlendingen vart utdelt i styret. Vaskeet av lagsrommet vart og diskutert, og til slutt vart det fastsett tidspunkt for oppussing av lagsrommet; dette skulle gjerast siste veka i april.

Styremøte på lagsrommet 29/3-65.

Først vart musikken ved dansetilstellingane og lagsmøta drøfta. Neste lagsmøte vart fastsett til 2/4 då spellaget skal ha programmet. Deretter var det val av 2 utsendingar til Hordaland Ungdomslags årsmøte i Hegglandsdalen 24-25 april. Desse vart valde: Harald Vigård og Alfhild Sivertsen. Varamann Jan Økland. Vidare vart det bestemt at 11/5 skulle vera siste lagsmøte før sommarferien. Oppussinga av lagsrommet vart utsett til veke til første veka i mai. Formannen skulle ha seg av innkjøp av meir maling, utstyr o.a. Neste styremøte vart fastsett til 10/5.

Alle utan Alfhild Sivertsen møtte.

Styremøte på lagsrommet 10/5-65.

Det var komen førespurnad frå Saumarlaget om laget kunne løyva 100 kr. til innkjøp av gevinstar til haustlaget og løype vart gjeve. Formannen orienterte om møte i Bygdelagsnemnda 26/4 der Petter Ersvær vart valt til ny formann. Vidare var det komne oppmoding frå HU, etter årsmøtevedtak, om å ta fylkeslagsspørmålet opp att til nyvurdering. Så vart 17-mai programmet drøfta. Harald Nygård skulle vera faneberar, dersom ikkje anna vart avtala seinare. Han skulle og orientera om 17-mai prosesjonen på neste lagsmøte. Formannen las opp brev frå NU om årsmøtet i Våga 25-26 juni. Etter mykje att og fram vart Petter Ersvær og Kjell Matre samrøystes valde som utsendingar dit. Laget skulle dekka reisekostnadene. Likeins las formannen opp brev frå NU om kor til leirøyane i sommar.

Frå turnemda var Askel Ytheim og Ragnar Spissøy møtte fram, og saman med desse drøfta så styre spørsmålet om lagstur i år, etter fyrstkaffi fått seg kvar sin kopp kaffi. Ei kom fram til at med program av spellaget og leikarringen kunne laget gje ei god framsyning. Staden for turen vart Ørsrikedalen, tidspunktet 29/5 evt. 12/6. Turnemda skulle ha seg av å organisera turen.

Alle møtte i kveld på dette siste styremøtet før sommarferien

Styremøte på lagsrommet 13/9 - 65

Dette var det andre styremøte etter sommarferien. Referat frå første møtet 31/8 føreligg ikkje, av di skrivaren ikkje var til stades.
Møtet i kveld vart leia av form. som la fram eit brev frå Hordalaget i Oslo med opplysningar om deira lagsaktivitet dei driv. Deretter gjekk han over til å drøfta programmet for lagsmøta i haust. Første lagsmøtet vert i Gimle 21/9, der form. skulle få pastor Risøen til å kåsera og ein hyllekunstnar, Harry Olsen, til å underhalda elles. Ole Swingers skal syta for musikken. Elles vart styret samd i at vakthaldet på lagsmøta skulle innskjerpast. Dette vidare program-opplegget for lagsmøta framover i haust vart drøfta men ikkje endeleg fastlagt. Datoane vert då: 21/9 - 5/10 - 19/10 - 2/11 - 16/11 - 30/11 - 14/12.
Alle møtte i kveld. Møtet vart heva kl. 2030.

Styremøte på lagsrommet 27/9 - 65.

Form. las opp brev frå H.U. om lagsleiarkurs 9/10 okt. i Bergen og studieleiarkurs 23/24 okt. på Gyllbom Turisthiem; interesserte kunne melda seg på. Like-eins las han opp eit brev frå FN-sambandet.

Deretter diskuterte me spellaget sitt oppsette program 30/11 utan at det vart gjort noko endeleg vedtak om korleis det skulle bli. Program på neste lagsmøte skulle Lars Teigland ta seg av. Han skulle kåsera om Svalbard, og det skulle og bli sytt fram ein tysk ~~spel~~film derifrå.
Ungdomsdeildingen har fått avsett 3 helge-dansar i haust: i Fensal 16. okt. og i Gjemle 13. og 14. nov.
Ordføraren for Alfhild Sivertsen møtte Ingeborg Teigland; elles møtte resten av styret.

Styremøte på lagsrommet 11/10-65.

Det var komen loddbøker frå N.V. med førespurnad om laget kunne selja dessl, men styret vedtok å returnera dei. Vidare drøfta me å evt. overta Bondeungdomslaget sitt lagsrom i Lot Pedersen sitt hus i leige av 150 kr. + straum pr. mnd. saman med Gular. Det galdt 3 rom, og leikarringen kunne øva i det eine, slik at me kunne sleppa å leiga småsalen i Gjemle til leikøvingar. Styret vart samd om å sjå nærmare på saka, og form. skulle ha ho opp med Gular.
Styret vedtok samrøystes å selja opp billett-prisane på lagsmøte frå neste gong med 1 kr, slik at ikkje medlemar betalar kr 5,- og medlemar kr. 3,50. Like-eins vart prisane pr. billett pr. 6 på laurdagsdansar og kr 5,- på søndagar.
Til neste lagsmøte skulle me prøva å få Fjellingsdalen U.L., og

dessutan drøfta me evt. anna program som kunne koma på tale i hida frametter.

Styremøte på lagsrommet 25/10-65.

Frå marknadsnemnda var det komen oppmoding om at styret skulle hjelpa til på marknaden når i Gimle 30/31 okt., og alle sa seg viljuge til å vera med. Formannen hadde snakka med Gular om leige av Bondeungdomslaget sitt lagsrom og dåget var interessert i å leiga det saman med oss, men noko bindande vedtak då saka svart ikkje gjort. Neste lagsmøtet skal Bondeungdomslaget syna fram „Gjødvakker Maren" av Oscar Braaten. Form. hadde snakka med Mark Knutsen i Vossa-laget, og ho hadde foreslått å la sjokoladefabrikken Erbe ha programmet på eit lagsmøte (saman med Vossa-laget) mot å få reklamera for sine produkt og dela ut gratis sjokolade. Dette vart så drøfta utan at me gjorde noko vedtak om det. På same måten diskuterte me og at Gular skulle ha programmet den 30/11, i staden for spellaget vår som ikkje får innøvd sitt stykke til den tid.

Berre 4 møtte; Harald Nygård og Eivind Øyane møtte ikkje.

Styremøte 22/11-65 på lagsrommet.

Det var kome brev frå H.U. om at Fjellingsdalen U.L. skal arrangera teaterkurs 3. og 5. des. med Bjørn Gullestad som instruktør, likeleis brev om likkleiarkurs same helga på Gullbotn. Styret vedtok å kosta reisa for Ingeborg Yttenes, dersom ho sa seg viljug til å reisa. Form. las og opp brev frå Bygdelagsnemnda som skal ha møte for/med styra i bygdelaga i bygden fredag 10 des. kl. 20 i Gimle.

Program til neste lagsmøte vert kåseri av Wilhelm Waage. Julemøtet vert i år 14 des. Programmet der vert av leikar slag, mat og kaffi + utlodding av bokpakke frå U.U. Vidare vil Samhaldslaget prøva å få eit samarbeid for medlemar med andre lag i bygden etter nyttår. Og endeleg vart daten for årsmøtet fastsett til torsdag 17 februa (førebels). Desse vart valde ut til valnemnda:

Askel Yttenes, form.
Eivind Fagnes
og Rigmor Skråbø.

Første lagsmøte etter nyttår vart lagt til 26 januar.

Alfhild Sivertsen og Eivind Fagnes møtte ikkje i kveld. Elles var resten av styret samla til siste styremøtet før jul i kveld.

Styremøte hos Arnold Kjærefjord 24/1- 1966.

Styret var samla i kveld for å drøfta årsmøtet som skal haldast 17. feb.

Rekneskapen vart først gjennomgått, utan at den synte særlege store endringar samanlikna med i fjor, einaste var at medlemsgjengane var gått med litt om lag helvta av kor det dei var i fjor.

Forslag til tilvingar:

Shl. Folkemuseum	kr. 100,-
Kapell v/ Valen Sjukehus	kr. 50,-
Opplar	kr. 50,-
Fitjanes Sogelag	kr. 100,-
Kyrkjenemnda	kr. 25,-

Elles vart det vedteke at årsmelding skal kopiast i off.-det i år (prisen er ca. 235 kr.) og å betala inn ei helsing til Noregs Mållag i Norsk Tidende, kr. 20,-.

Sakslista til årsmøtet innehald forutan rekneskap og årsmelding tilvingar og drøfting av retningsliner for lagsarbeidet framover. Siste post vart så tynn.

Styrestyret var og innkalla i kveld for å drøfta saman med styret kva lagt skal krevja i vederlag frå Kvam Kraftlag for di det har skjedt ei kraftline over eigedommen vår på Kvamsskogen. Ikkje kom fram til at innlegging av elektrisk lys måtte vera ein rimeleg kostnad, og formannen i styrestyret skulle granska dokumenta

i saka nærmare for å utforma vårt endelege krav.
Til slutt spanderte Kjærefjord og kona kaffi og mykje godt mat på oss.

Styremøte på lesrommet 23/2-66.

Det nye styret var samla for fyrste gong i kveld, saman med form. i det gamle som orienterte om arbeidet.
Deretter vart resten av styret valt. Det ser no slik ut:
Kjell Brekke, form.
Eivind Tysnes, varaform.
Edel Enes, kasserar
Jan Skeland, skrivar
Arne Onarheim (som går inn i staden for Asbjørn Sivertsen)
Varamenn: 1. Ingeborg Eplend
2. Anni Dalland
Deretter diskuterte styret utbetringslinjer for arbeidet framover, m.a. skal me prøva å få eit leikarsk for nybyrjarar i gang, for å få fart i leikarringen att, òg med hjelp frå H.U. Vidare skal me prøva å få fleire skrivne medlemmar i laget, med hjelp frå dagsbyrjta som «dekkemiddel», m.a. For å markera styreskiftet, feirde me òg med mat og kaffi.
Alle utan A. Onarheim møtte; i staden møtte Anni Dalland

Styremöte på lagsrommet 16/3-66.

Til dette styremøtet var formennene i hyttestyret og leikarringen innkalla.

Form. las opp brev frå H.V. om det byggjemarkedet i folkeviseleik som Sunnhordlendingen har tenkt å få i gang, og brevet var positivt; både leikleiar og spelemann kunne skaffast. Form. i leikarringen meinte at eit slikt kurs vanskeleg kunne koma i gang og gjerast ferdig no i vår, og dette vart så vedteke.

Laget skal og prøva å verva nye medlemmar, m. a. ved hjelp av lagshytta. Meininga er å invitera skjemingar med i helg på hytta; då vil nok lysten bli å bli med i laget melda seg og.

Vidare skal me prøva å få avvikla Sunnabu-rennet mot sogningane helga 25/26 mars (dersom dei kan stilla då). Elles kan den helga nyttast til vervingskampanjen, dersom sogningane svikter.

Deretter nytta me høva til å drøfta hytta og nyttestyring av ho, sidan form. i hyttestyret var til stades; sameleis vart innlegging av elektrisitet på hytta drøfta, utan at styret gjorde noko vedtak.

Til slutt drøfta me lagsturen i vår, og det vart avgjort at me skulle prøva å ha turen til Frisvar på 2/5.

Som varamann for Edel Enes møtte Anni Dalland; elles møtte alle.

Styremøte på lagsrommet 14/4-66.

Form. las opp skriv frå H. U. om at årsmøtet deira skal vera på Valeshavelsfossen 23-24 april. Rune Dalland og Kjell Brekke vart valde som utsendingar.

Vidare las form. opp brev frå H. U om eit leikleiar-kurs i vår, men sidan ingen disponibel mannskap kunne skilla i pinsehelga, vert ikkje Sunnhordlendingen representert der.

På årsmøte hjå Bygdelagsnemnda var det fleirtal for, at bygdelaga i Bergen skulle stilla i fanebor 17. mai i år, vår lag skal og vera med, men nærmare detaljar blir bestemt og kunngjort seinare.

14. mai skal laget ha dans i Gjemle.

Styret vedtok så å utdela premiar for Sunnabu-rennet 1966 på dette lagsmøte i

Som nest siste post vart så utferda vår, hjl Fitjar i år, drøfta, og nærmare detaljar for turen bestemt. Turen vert 9 mai., og som program viser spellaget fram det spelstykket dei synte fram i vinter; elles blir det viser, folkedans opplæring og vanleg dans.

Etter ein kaffipaus, vart så lagsarbeidet framlagt drøfta. Styret møte fulltalig fram i kveld.

Styremöte på lagsrommet 27/4-66.

Möte var kalla saman for å drøfta og bestemma opplegget til Frisjar-turen som me skal ha den 7 mai. Turen skal gå med leigd buss frå byen (dersom det er folk nok) til Haugesund, derifrå med ei leigd skoyte til Frisjar. Tilbaketuren vert på söndagen, med ferja. Programmet vert slik som me vart samde om på förre mötet. Turen skal kunngjerast på lagsmöte neste fyrdag og annonserast i "Sunnhordland" og "B.T." Til dansen etter programmet skal Top Ten spela.

Form. las så opp referat frå årsmötet i H.U., der han og Arni Dalland var utsendingar.

Til mötet var og ein del av lagsfunemnene mött fram (diverre ikkje alle som var innkalla) for å drøfta retningslinene for arbeidet i laget, tilvering av nye medlemmar m.m. Fleire interessante idéar vart framsette, m.a. "Gubbelag", "Venner av Sunnhordlendingen", råll (ved sida av styret) og forslag om både buss i moderne dans og leiteskeid frå hausten av, utan at styret gjorde noko vedtak om dette, for di saka bör drøftast grundigare på minst eit kommande møte til før styret fattar noka avgjerd i saka. Ikke møtte fram i kveld, utanom Eivind Tysse, i staden møtte Arni Dalland. Imellom all diskusjonen fekk me òg tid til ein kaffikopp.

Skjemøte på lagsrommet 1/6-66.

Skjet og litt del innbedne, sørlagsmennene, var samla til dette siste møtet før ferien.
Leiks-skeidet som laget har stukt å sejja i gang på hausten av vart diskutert innsjående, særskundes som leiken og leikarringen i lag vart drøfta. Det var fleire oppfatningar om korleis leikarbeidet skulle leggjast opp og leiast, og tanken om ein ring i lag med Fylkesringen og Nordhordlendingen var òg framme. Til slutt vart det så vedteke å sejja i gang eit leikskeid for begynnarar til hausten.
Spellagg vart òg drøfta, m.a. reknskapinga der òg, og kva det skulle ha sikte på å øva inn til hausten. Det var semje om at det måtte satsa fyrst på hausten, men noko endeleg arbeidsprogram vart ikkje fastlagt.
Programopplegget for lagsmøta vart òg diskutert litt, og litt var stand om at litt måtte prøva å koma bort frå den rådande møteforma, utan at me vart samde om korleis møta skulle leggjast opp; men litt var stand i å prøva få i stand betre kontakt og kameratskap blandt dei som møtte fram på møta enn tilfellet har vore no i det siste. Skjet tok så farvel

med kvarandre med gode ynskje for sommarferien og lagsarbeidet til hausten att.

Styremøte på lagsrommet 3/11-66.

Dette var det første ordinære styremøte i haust, men styresaker vart handsama på det ekstra-ordinære årsmøtet tidlegare i haust, og elles har det vore lite saker å handsama.

Formannen refererte først frå eit møte i Bygdelagsnemnda nyleg. Deretter gjekk me over til å drøfta kva planlagt tur til Våge på Tysnes den 10 des. Turen vil bli lagt opp som kulturkveld og spellagt vil syna fram spelstykket „Garden" - ukanom det blir det kåseri av lærar Krüger frå Os, utlodning med hovudvinst i vekes opphald for 2 personar på „Sunnabu". Me skal ha med spelmann, og det vil bli gamaldans og dleik. Styret og dei andre som blir med vil arbeida vidare med det meir detaljerte programmet.

Det var kome framlegg frå B.U.L om at vårt lag skulle gå saman med dei og skipa Ungdomsdagen (70 årsjubileum for U.U.) på lagsmøtet dei 17. nov. Formannen fekk fullmakt til å vurdera dette etter å ha snakka nærmare med B.U.L.

Sunnhordlandingen vedtok å ikkje skilla lag i kunnskapsleiken „Kven veit?" i år.

Styremøte 15/12-66 hos form.

Styret hadde for seg val av valnemnd og kom fram til denne:

1. Ragnar Spissøy (form.)
2. Per Ivarsøy
3. Tor William Eikemo.

Formannen skulle ordna med å få skriftlig årsmeldinga.

Alle utan Geir Økland møtte. I hans stad møtte Ingeborg Egeland.

Styremøte 11/1-67 på lagsrommet.

Styret gjekk inn for å ha eit samarbeid med Hordakoret og Nordhordlendingen i Fensal onsdag 18 jan. Årsmøtet vart fastsett til 8 febr i Gimle. Saklista vart oppsett slik:

1. Årsmelding og rekneskap
2. Val
3. Ymse:
   a) Sunnhordland Folkemuseum kr. 50
   b) Kyrkjenemnda i Bergen kr. 3
   c) Idrettslaget Gular kr. 200
   d) Nynorsk teater i Bergen kr. 5

4. Lagsdrift og arbeidsformer framover
5. 50års jubileet til Sunnhordlandslinjen i 1969. Nemnd til utarbeiding av jubileums-skrift.
6. Ymse.

Til frontbilete på årsmeldinga skulle vi ha eit bilete frå åtbakka på Tysnes.

Ingeborg Epland møtte for Jan Økland; elles var resten av styret til stades.

Styremøte 15/2-67 på lagsrommet.

Det gamle og det nye styret møttest og hadde først litt koseleg samvær over kaffikoppen; og dei nye i styret fekk eit innsyn i kva arbeidet til styret gjer ut på. Deretter konstituerte det nye styret seg.

Det ser no slik ut:

Lars Olav Tveita, form.
Mikal Heldal, varaform.
Edel Enes, kassrar
Jan Økland, skrivar
Eivind Tysnes, styremedlem.

Varamenn:
1. Ingeborg Epland

2. Anni Brekke
3. Tore Markhus.

Styret drøfta så litt forslag til program (ein foldar) som laget vil prøva å gje ut. Det vil halda på den noverande ordninga med litt lagsmøte i Fensal (kosekv og litt møte i Gjinde for månaden. Elsetun vil laget ha ein verringstur til Sunnaben fyrst i april og ein lagstur med program til Rosendal i siste av april/ fyrstninga av mai. Styret gjekk og inn for at ein skulle prøva med ein mini uformell tur til ei bygd i Søre Sunnhordland slik vare (Ølen, Etne eller Vikebygd).

Eivind Fossen var på matskift og var såleis hindra i å møta; Inga borg Eyland møtte i hans stad.

Lagsstyremøte 22/2-67.

Formannen bad oss velkomen og las opp møteliste for året 1967 (lagsmøte). Laget hadde vidare fått melding om at me er velkomne til Rosendal siste helga i april; lagsturen i vår. Formannen og varaform hadde fått reklame til foldaren vår som skal prø senkra laget; den vil koma på 425 kr. Me vonar å dekka 350 kr. av desse med annonsar. 11 mars blir det verringstur til Kvamskogen (Sunnaben). Styret arbeidde så med utkast til foldaren til møte vart heva kl. 23. Inga borg Eyland møtte

i staden for Edel Enes.

Styremöte på lagsrommet 12/4-67.

Berre 4 av styret møtte, L.O. Tveita, Geir Økland, Anni Brekke og Eivind Tysse. Derfor var ikkje møtet vedtaksført; men me gjorde utkast til styrevedtak og ville få dei godkjende på neste lagsmøte (13/4- Fensal). Det fekk me òg.
Måndag 17 april vert det dama styremøte for bedriftsmellendinger og lagt vårt fo å bestemma eit fellesmøte for laga no i vår. Formannen skulle kontakta Rosendal om dansetøyve for 29/4 dersom me ikkje har fått innvilga. Dersom det ikkje går i orden, vert utlegga for store med sin bil dit, og me lyt òg oss om etter ein annan stad å reisa til, t.d. Skorbø i Austevoll. Lagt skal ha sin dans i Gjemle 22/4 – dans nr. 3 i 1967.
Frå Eglar var det kome forslag om at dei og me skal kjøpa inn 10 stolar til lagsrommet. Samla kostnad kr. 429,- vert å dela likt. Skulet gjekk inn for dette. Som utsendingar til H.O.s årsmøte på Voss vart vald L.O. Tveita. Dei to andre vart valde på lagsmøtet i Fensal 13/4, og vart Alf Terje Oskelbust og Tor William Eikemo.

Skjemøte i lag med Nordhordlendingen 17/4-67 Gja

Hermann Olsen fra Nordhordlendingen leidde møtet
Frå Sunnhordlendingen møtte: Lars Olav Tveita,
Ivar Brekke og Jan Økland. Frå Nordhordlendingen
møtte 3 av skjel + 2 frå leikskjet.
Saka me drøfta mest var samarbeid mellom
leikarringane i laga. Dette gjekk alle sumfor,
og me samdest om felles leikøvingar frå haust
av. Øvingsdag vart laysdag, sidan dette hadde
vore tradisjonell for Nordhordlendingen. Leikskjea
i laga skal koma saman til handa og fastsetja
møteliste og program for øvingane.
Den andre saka me drøfta var eit samnøte
for laga. Dato vart sett om 17/5, vart lagsmøte i
Fensal som møtedag. Programmet blir lagt opp
felles, dessutan blir det mat og kaffi; leik
og gammal dans som vanleg for vare
kosekvelder i Fensal.

Skjemøte på lagsrommet 24/5-67.

Form. las opp gjest skriv, m.a. om N.V.s
årsmøte i Odda. Som utsendingar vart oppnemn
L.O. Tveita og Ingeborg Økland, med Ivar
og Kjell Brekke som varamenn. Skjet gjekk

inn for at laget skal ha leikskeid til hausten, og helst i saman med Sunnhordlendingane. Sunnhordlendingane skal og hjelpa til med leikaring frå Førøyane kjem til bygda 21/6. Sammanlagt fekk hiskot til sine innkjøp av høg o.l. til sitt arbeid, vart det vedtke.

Vidare gjekk styret inn for at laget skal prøva med fredag som møtedag for laget måa vare i oktober frå haustes av, men med full rett til å gå attende til tysdag om forsetet ikkje gjer noko vidare.

Dugnad vart halden til Storebø 10/6 dreiva og gjennlagt. Sjølvagt skal dugna fram i Kjerringhaud på Skilebandet. Dessutan blir det dans.

Frammøte i kveld var berre 4; formann fom. og varaf. møtte Ervind Tysnes og Jan Økland.

Styremøte på lagsrommet 27/6 - 67

Frammøte var berre 4, derfor vart det ikkje gjort noken vedtak. Me skal prøva å få til ein buss til Eivåg i haust (m. program) Dessutan skal lagskeppinga avvikast, og me skal ha ein

lagsbur til "Sunnaben". Den skal me prøva å få avvikla 14-15 okt. Neste lagsmøte blir i Fensal torsdag 5/10, etter det oppsette programmet.
Dei fremmøtte var: L.O. Tveita, M. Heddal, E. Tysnes & J. Ekland.

Styremøte på lagsrommet 11/12-67.

Formannen refererte diverse brev og skriv til laget.
Neste arr skipar Bygdelagsnemndi til Bygdelagsveka 28 jan. - 3 febr. i Gjuvle.
Etter årsmøtevedtak gjekk Vardaland ungdomslag i april i år skal bruk tilsluttа lag Leitadal kr. 20,- pr. off. dans til H.U. (Skivarjobben).
Årsmøtet i Sunnhordlandslinjen vert førestått halde onsdag 6/2-68. Styret kom med følg. forslag til valnemnd:

Selbjørn Frøkedal, form.
Ingvar Brunborg
Åse Liv Tveita.

Berre 1 medlem av styret, Mikal Heddal, skal ikkje på val, etter som skivaren, Jan

Økland reiser bort fra begynnelsen av juli -67.

Styret gjekk og vann for at årsmeldinga i år skal skrivast, og ikkje trykkjast.

På det noverande tidspunkt er det klart at medlemsmøtet i H. V. og V. V. vil koma opp på årsmøtet, og H. V. vil få høve til å senda ei utgreiing om ~~dette~~ sitt syn på ei evt. utmeldinga.

Møteruksenda for juli er nå ferdig; den vil starta opp i Gimle fredag den 19. januar, og utover kvar 14. dag. Styret foreslår at årsmøtet ikkje blir bedne opp att før årsmøtet, som då må vurdera dette spørsmålet på ny.

Dei som møtte: Lars Olav Tveita, Mikal Skeldal, Odd Enes og Jan Økland.

Styre- og tillitsmannsmøte på lagsrommet 19/2 - 68

Etter årsmøtevedtak skulle ein på dette møtet fordela arbeidsbyrdene på dei ymse særlaga. Det galdt særleg vakttenesta på fredagsdansane. Men etter ein del diskusjon rådde ein samrøystes styret til å slutta med fredagsmøta dersom det var økonomisk forsvarleg. Fredagskveldane har gått på underskot, men dersom me ikkje leiger i Gimle, får me heller ikkje laurdags dansar der. Det vart difor tilrådt at laget skulle liga småsalen i Gimle til småsalmøte. Styret ventar difor med å taka endeleg avgjerd til dess ein har diskutert saka med vaktmeisteren i Gimle og Sunnfjordlaget, som også liger Gimle om fredagane.

Dei særlaga som var møtt fulltalleg fram, valde så formenn:

Leikarringen : fornn. Kjell Brekke
Spellaget : fornn. Eivind Tysnes
Hyttestyret : fornn. Alf Bakke, kass.: Åse Liv Tveita

Styret konstituerte seg og har denne samansettinga:

Form.: Lars Olav Tveita, står i ½ år
Nestf.: Mikal Heldal, — " — 1 år
Kasser.: Bjørg Tronshaug, — " — 1 år

Skrivar: Inge Mikal Helland, står i 1 år
Skjemedl.: Seljørn Frökedal, —"—

Så kom det fleire framlegg til program for småsalmøte og framlegg om turar til Sunnhordland og på hytta. Det kom og oppmodingar om å auka aktiviteten i særlagd og framlegg om korleis dette kunne gjerast.

For å få litt ekstra liv i laget vart det nedsett "komité for internasjonalt samkvem". Han kunne til dømes invitera ei lita gruppe ungdommar frå Danmark til Bergen i festspeltida, med skiturar på Sunnaberg og gjerne turar kringom i Sunnhordland som programposter. Sigmund Myklevoll lova å ta på seg det arbeidet i første omgang.

Til slutt lova styret at adresse- og telefonlister skulle trykkjast og sendast ut i nær framtid.

Protokollen avslutta og overlevert jubileumsnemnda

Bergen 25/3-68

Leif Olav Eide